

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 22.12.17

Vår ref. 1303/17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Radøy kommune (ref. 16/162-17/14013)

Fylkesmannen i Hordaland

E-mail

RADØY, BØ – KOMMUNEDELPLAN.

Viser til brev av 13.11.17 frå Radøy kommune vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarane er i utgangspunktet positivt innstilt til anna næring og aktivitet. Samtidig er det ein føresetnad at dette ikkje må kunne øydeleggje viktige gyte- og oppvekstområde, for kvalitet og atferd hos ville marine arter, eller for sjølve fisket. Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar i sjø, kablar i sjø, - fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Dette viser at planlegging av land- og sjøområda heng tett saman.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

Det er ikkje registrert fiskeriinteresser på Fiskeridirektoratet si nettside, men det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der, t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og krepsefiske.

Som nemnd ovafor er det viktig at ein unngår forureining til sjø. Fiskarlaget Vest vil vise til at det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den eine er NGI-rapport "*Kartlegging av forurensing i utvalgte småbåthavner i Norge*" (TA-2751/2010), som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Til slutt vil ein gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av eit godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Ein forutset at fiskeriinteressene blir godt ivaretatt i prosessen.

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest